



Kristian Bekkenes

Referansar:

Dykkar:

Vår: 14/7212 - 15/21499

Saksbehandlar:

Margit Rimeslåttan

Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:

09.06.2015

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt, gbnr 238/8, 38 og 44

Saka gjeld

Det vert vist til kommunen sitt brev av 25.03.2015 med førespurnad om utgreiing om mogleg ulovleg tilhøve, samt dykkar tilsvar datert 28.04.2015.

Grunngjeving for førehandsvarsling om pålegg om retting og tvangsmulkt

Kommunen var på synfaring på eigdommen 03.06.2015 der Margit Rimeslaatten og Benjamin Hicks deltok frå Lindås kommune, og du som eigar av gnr 238 bnr 8, 38 og 44.



Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM





Under synfaringa vart det konstatert at det vert oppbevart anleggsmaskinar, båtar, hengarar og diverse avfall i form av blant anna rustne gjenstandar, bilvrak, tankar og ymse anna materialar på eigedommen.

Oppbevaring av bilvrak og søppel, plan- og bygningslova § 28-5

Plan- og bygningslova § 28-5 slår fast at «ubebygd areal i bebygde områder skal holdes ryddig og ordentlig stand. Kommunen kan forby lagring eller annen bruk av ubebygd areal, når det etter kommunens skjønn vil gjøre opphold eller ferdsel farlig, virke sterkt skjemmaende eller være til vesentlig ulempe.»

Føresegna pålegg eigar plikt til å halde ubebygd areal i ryddig og ordentleg stand. Omgrepet «ubebygd» omfattar ikkje berre tomter som i si heilheit er bygd, men også ubygde deler av ei bygd tomt. Kravet gjelder uavhengig av om eigedommen er regulert til byggeområde i plan.

Eigedommen er avsett til LNF- område med spreidd busetnad i gjeldande kommuneplan. Det er difor viktig å bevare omsynet til landskap, natur og friluftsliv. Vi er klart av den oppfatning av at denne lagringa av maskinar og avfall verkar sterkt skjemmaende og vil vere til vesentleg ulempe.

Oppførte bygningar



Under synfaringa vart det vidare konstatert at det står ei brakke på eigedommen. Bygget til høgre på biletet er i ferd med å bli reve, og det vert lagt til grunn at dette vert fjerna innan frist for retting.

Det er nødvendig å søkje om brakka dersom den er meint å skulle plasserast for lengre tid enn to månader, jf. pbl. § 20-3 andre ledd. Dersom eit tiltak skal plasserast for eit lengre tidsrom enn to år, vil det ikkje sjåast på som et midlertidig tiltak, jf. § 20-2 første ledd bokstav c.

Som opplyst under synfaringa er det høve til å søkje om tiltaket. Det må i så fall sendast komplett søknad om løyve til tiltaket innan same frist som for opprydding. Vi oppmodar også om at dersom det er utført andre tiltak på eigedommen som er søknadspliktig og ikkje er søkt om, så vert dette gjort samtidig.

Du er heimelshavar til eigedommane og er difor ansvarleg for å retta opp i dei ulovlege tilhøva.

Førehandsvarsel om pålegg om retting

I høve til forvaltningslova § 16 og plan- og bygningslova § 32-2 vert det med dette gitt førehandsvarsel om at bygningsmyndigheitene med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vurderer å fatte vedtak om pålegg om retting, dersom ikkje forholdet er brakt i lovlege former ved at eigedommen vert rydda og at brakka vert fjerna innan 01.10.2015. Bygningsmyndighetene skal underrettast når det ulovlege forholdet er retta opp.

Som opplyst under synfaringa vert det oppmoda om at det vert sendt ei framdriftsplan for opprydding på eigedommen.

Førehandsvarsel om tvangsmulkt

I høve til forvaltningslova § 16 og plan- og bygningslova § 32-2 vert det med dette gitt førehandsvarsel om at bygningsmyndigheitene med heimel i plan- og bygningslova § 32-5, vurderer å fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom eigedommen ikkje er rydda og brakka er fjerna innan fastsatt frist.

Ureining

Kommunen vil vurdere om det er naudsynt med oppfølging av dette forholdet etter at eigedommen er rydda innan fastsett frist.

Andre opplysningar

Kommunen kan utferdige førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6 dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert følgt. Et slikt førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglane for dommar, jf. plan- og bygningslova § 32-7.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å uttale deg før pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt eventuelt vert vedteke. Frist for dette vert sett til 3 veker frå brevet er komme fram, jf. forvaltningslova § 16. Eventuell uttale bes sendt skriftleg til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller postmottak@lindas.kommune.no.

Gebyr

Det vert underretta om at det med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 vert berekna gebyr ved oppfølging av ulovlegheiter. Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknummer: 14/7212.

Med helsing

Tor Hegle
Avdelingsleiar byggesak

Margit Rimeslått
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen